

Til ungdomsskulane i Hordaland

 Dato: 05.09.2018  
 Vår ref.: 2015/8963-4  
 Saksbehandlar: laiulv  
 Dykkar ref.:

## Informasjon om melding til Hordaland fylkeskommune som gjeld 1. februar-søkjarar

Vi viser til forskrift til opplæringslova kap. 6 *Inntak til vidaregåande opplæring*. Informasjonen i dette brevet handlar om § 6- 15, § 6- 17 og § 6-18 i forskrifta.

### § 6-15 Fortrinnsrett til eit særskilt utdanningsprogram

Kommunen må melde søkjaren til opplæringsavdelinga i fylkeskommunen som skal vurdere om eleven har rett til inntak etter denne paragrafen. Sakkunnig instans er PP-tenesta i fylkeskommunen. Elevar som søkjer om fortrinnsrett etter § 6-15 må ha:

- rett til spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova. Behovet for spesialundervisning må vere omfattande på grunn av vanskane som ligg til grunn for søknaden.
- eit særleg behov for inntak til eit bestemt utdanningsprogram. Dette behovet må vere svært viktig for moglegheit for å fullføre vidaregåande opplæring med **full** yrkes- eller studiekompetanse. Motivasjon eller diagnosar aleine utløyser ikkje denne retten.

### Kva skal kommunen sende til fylkeskommunen:

Kommunen v/rektor skal sende utfylt skjema *Meldeskjema ved søknad om fortrinnsrett* med vedlegg (sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/soknad-og-inntak/>)

På bakgrunn av dette vil opplæringsavdelinga v/seksjon skule:

- Vurdere om søkjaren oppfyller dei to vilkåra i § 6-15
- Dersom søkjaren oppfyller vilkåra, vil opplæringsavdelinga v/seksjon skule melde søkjaren vidare til fylkeskommunal pp-teneste (OT/PPT) for ei sakkunnig vurdering etter § 6-16.
- Dersom søkjaren *ikkje* oppfyller vilkåra, blir saka sendt tilbake til kommunen med skriftleg grunngjeving. Saka blir då ikkje meldt vidare til OT/PPT.

**Frist for melding:** For skuleåret 2018/2019 er fristen **1. oktober 2018**.

### § 6-17 Fortrinnsrett for søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne

Kommunen må melde frå til opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om søkjarar som går no på 10. trinn med sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne. Elevar som søkjer med fortrinnsrett etter § 6-17 må ha:

- Vedtak om spesialundervisning
- Sterkt nedsett funksjonsevne
- Eit særleg behov for å bli tatt inn på ein skule som er særskilt tilrettelagt, grunna den nedsette funksjonsevna

**Kva skal kommunen sende til fylkeskommunen:**

Kommunen v/ rektor skal sende utfylt skjema *Meldeskjema ved søknad om fortrinnsrett* med vedlegg (sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/soknad-og-inntak/>)

**Frist for melding:** For skuleåret 2019/2020 er fristen måndag **1. oktober 2018**.

**§ 6-18 Fortrinnsrett for søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk**

Kommunen må melde søkjaren til opplæringsavdelinga i fylkeskommunen som skal vurdere om eleven har rett til inntak etter denne paragrafen. Sakkunnig instans er PP-tenesta i fylkeskommunen. Elevar som søker om fortrinnsrett etter § 6-18 må ha:

- a. rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova § 2-6 frå grunnskolen, og/eller behov for opplæring i eller på teiknspråk etter § 3-9 i opplæringslova
- b. behov for å gå på ein skule som er særleg tilrettelagt for hørselshemma (knutepunktskule) eller på ein ordinær skule med teiknspråktolk

**Kva skal kommunen sende til fylkeskommunen:**

Kommunen v/ rektor skal sende utfylt skjema *Meldeskjema ved søknad om fortrinnsrett* med vedlegg (sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/soknad-og-inntak/>)

På bakgrunn av dette vil opplæringsavdelinga v/ seksjon skule:

1. Vurdere om søkjaren oppfyller dei to vilkåra i § 6-18
2. Dersom søkjaren oppfyller vilkåra, vil opplæringsavdelinga v/seksjon skule melde søkjaren vidare til fylkeskommunal pp-teneste (OT/PPT) for ei sakkunnig vurdering etter § 6-41.
3. Dersom søkjaren *ikkje* oppfyller vilkåra, blir saka sendt tilbake til kommunen med skriftleg grunngjeving. Saka blir då ikkje meldt vidare til OT/PPT.

**Frist for melding:** For skuleåret 2019/2020 er fristen **1. oktober 2018**.

Dokumenta skal sendast til:

**Hordaland fylkeskommune**  
**Seksjon skule**  
**Pb. 7900**  
**5020 Bergen**

For spørsmål ta kontakt med Opplæringsavdelinga, Seksjon skule, tel.96942964 eller 96942921.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

Laila Ulvestad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*